

Prosjektet Uskedalen som besøksmål i Folgefonna Nasjonalpark søker kommunen om 20.000 i såkalla SMIL-midler. I planen for prosjektet er det rekna inn 50.000 i slike midlar over ein treårsperiode.

Prosjektperioden er rekna i tida 2009-2011. Fylkeskommunen har til no støtta tiltaket med 18.390 kroner som ein del av regionalt utviklingsprogram for Hordaland. Desse midlane er nytta for å få på plass eit forprosjekt.

Prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling skriv slik i søknaden:

'- Vi er takksame for den støtte Uskedalen Utvikling har motteke i arbeidet med bygdeutvikling. Løyvingane har ført til eit stort og verdfullt arbeid der ein i sterk grad har lagt til rette for samarbeid, samhandling og positive haldningar til god bygdeutvikling.

Dette har ført til gode resultat med mange gjennomførte tiltak.
Landbruk som næring er ein viktig del av dette arbeidet.'